



Statens landbruksforvaltning
Norwegian Agricultural Authority

Stortingsgaten 28
Postboks 8140 Dep
0033 Oslo
Telefon 24 13 10 00
Telefaks 24 13 10 05
postmottak@slf.dep.no

Søknad om bygging av landbruksveg

| | | |
|--|---|--|
| År 2014 | Fylke HORDALAND | Kommune RADØY |
| 1. Grunnopplysninger | | |
| Namnet til søkjaren REIDAR HAUKELAND | | |
| Adresse VETÅSVEGEN 75 | | Postnr. Poststad 5938 SÆBØVÅGEN |
| Namnet til veggen | | Planleggjar |
| 2. Data for veg og dekningsområde | | |
| Interesser i veggen | | |
| Skogbruk 40 % | Jordbruk 40 % | Busetjing % Seter/beiting % Anna 20 % |
| Er prosjektet ein del av ein hovudplan for vegar eller noko anna overordna? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei | | Er avkøyring frå offentleg veg godkjend? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ikkje aktuelt |
| Tall for vegens dekningsområde | | |
| Totalareal dekar | Prod.skog dekar | Jordbruksareal dekar Hogstmoden skog 8000 m ³ |
| Anna: 100 | 110 | 60 de. |
| Planlagd vegklasse | | |
| Bilvegar <input type="checkbox"/> 2 <input type="checkbox"/> 3 <input type="checkbox"/> 4 <input type="checkbox"/> 5 | Vinterbilvegar <input checked="" type="checkbox"/> 6 | |
| Traktorvegar <input type="checkbox"/> 7 <input type="checkbox"/> 8 | Enkel veg <input type="checkbox"/> | |
| Nyanlegg meter 520 | Ombygging meter | Interessentar stk. 3 |
| Berekna økonomisk gevinst | | |
| Transportgevinst skogbruk | 100 000 kr | Berekna byggjekostnad 500 000 kr |
| Transportgevinst jordbruk | 400 000 kr | |
| Anna | 300 000 kr | Sum transportgevinst 300 000 kr |
| Er naboar og rettshavarar varsla? <input type="checkbox"/> Nei, ikkje aktuelt <input type="checkbox"/> Ja, lista ligg ved | | |
| 3. Kjende miljøverdiar i området (marker på kartvedlegga) | | |
| Miljøverdiar som krev uttaling frå fylkesmannen: | | |
| Verna vassdrag <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei | <input type="checkbox"/> Villmarksprega naturområde (> 5 km frå tyngre teknisk inngrep) | |
| Areal med annan spesiell miljøstatus <input type="checkbox"/> Nei | <input type="checkbox"/> Ja, spesifiser i feltet nedanfor. | |
| Andre miljøverdiar i området: | | |
| Sårbart planteliv | | |
| Kjente kulturminne | | |
| Viktige område for friluftsliv | | |
| Kulturlandskap, landskapsbilete | | |
| Anna | | |
| <input type="checkbox"/> Reindriftsinteresser | <input type="checkbox"/> Inngrepsfrie område 3-5 km | <input type="checkbox"/> Inngrepsfrie område 1-3 km Verneskog <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei |
| 4. Underskrift | | |
| Eg veit at bygginga ikkje kan setjast i verk utan løyve frå kommunen. | | |
| Stad og dato Haukeland | Underskrift Reidar Haukeland | |

Rettleiing for utfylling av skjema

Dette skjemaet skal nyttast ved søknad om bygging og ombygging av landbruksvegar i samsvar med forskrift om planlegging og godkjenning av vegar for landbruksformål, fastsett av Landbruksdepartementet 20. desember 1996. Søknaden skal sendast til den eller dei kommunane der veganlegget er lokalisert. Søkjaren pliktar å fylle ut søknadsskjemaet så fullstendig som mogleg og bidra med alle kjende opplysningar som kan vere viktige for den følgjande saksbehandlinga og avgjerda.

Naboar og rettshavarar skal òg varslast om vegsøknaden.

DATA FOR VEG OG DEKNINGSOMRÅDE

- Gi opp kva typar **interesser** som har nytte av vegen, og prosentdel i forhold til samla nytte.
- Med **hovudplan** er det meint ein heilskapleg vegplan, anten vegdelen i den kommunale oversiktsplanen for skogbruk, eigen områdeplan/hovudplan for vegar eller annan transportplan.
- **Avkøyrsløse frå offentleg veg** og velteplass ved offentleg veg skal godkjennast av vegstyresmaktene, jf. § 2-1.
- Gi opp planlagd **vegklasse** etter «Normaler for Landbruksveier med byggebeskrivelse». Vegklassane 2, 3, 4 og 5 er heilårs- eller sommarbilvegar, vegklasse 6 er vinterbilveg, og vegklassane 7 og 8 er traktorveg. Enkel veg er slike vegar som ikkje oppfyller det lågaste kravet til traktorveg i vegnormalen, men som likevel medfører søknadspliktig terrenginngrep (§ 1-2).
- Dei **økonomiske fordelane** som ein ventar å oppnå med tiltaket, skal bereknast separat for dei interessene som kjem til å ha nytte av vegen. Legg ved ein kalkyle av den økonomiske gevinsten (transportgevinsten).
- Gi opp berekna **byggjekostnad** for tiltaket.
- **Naboar og rettshavarar** skal varslast, og liste over dei som eventuelt er varsla, skal leggjast ved.

KJENDE MILJØVERDIAR I OMRÅDET

Dersom éin eller fleire av følgjande miljøverdiar blir påverka av vegen, skal fylkesmannen få høve til å uttale seg før kommunen gjer vedtak.

Verna vassdrag. Kryss "ja" dersom vegen kjem i kontakt med ei 100-meters sone på kvar side av eit verna vassdrag, med sideelver, større bekkar, sjøar og tjern. Der kommunen har fastsett vassdragsbelte rundt verna vassdrag nyttast dette i stedet for 100-meters belte.

Villmarksprega naturområde. Dette er område som ligg minst fem kilometer frå tyngre tekniske inngrep, jf. DN-rapport 1995-6. Tyngre tekniske inngrep vil òg seie skogsvegar. Set kryss i ja-rubrikken dersom vegen er planlagd inn i eller fører til reduksjon i omfanget av slike område.

Annan spesiell miljøstatus. Det vil seie areal innanfor dekningsområdet til vegen som har formell vernestatus (naturreservat, nasjonalparkar, landskapsvernområde, kulturlandskapsområde, kulturminneområde o.a.), og område der det i samband med verneplanarbeidet til styresmaktene eller andre offentlege registreringar er påvist spesielle miljøverdiar. Særskilde miljøverdiar kan vere foreslått vern, prioriterte naturtypar, artsdata, kulturlandskap eller statlege sikra friluftsområder, og dette kan sjekkes mot www.naturbase.no.

ANDRE MILJØVERDIAR

Søkjaren skal òg gi opplysningar om andre kjende miljøverdiar i dekningsområdet til vegen. Skjemaet gir høve til avkryssing og ei stikkordmessig beskriving av dei aktuelle miljøverdiene. Det bør leggjast ved ei beskriving av korleis ein har tenkt å ta omsyn til eventuelle miljøverdiar i området ved bygging og bruk av vegen.

KARTVEDLEGG

Kart i målestokken 1 : 5 000 eller 1 : 10 000 og oversiktskart i målestokken 1 : 50 000 skal følgje søknaden. Desse opplysningane skal markerast på kartet:

- Planlagd vegtrasé (broten raud strek), merk eventuelle alternativ tydeleg (nummerert)
- Planlagde massetak i samband med vegbygginga (ring inn med raud strek)
- Eksisterande vegar som er viktige for dekningsområdet (heiltrekt svart strek)
- Dekningsområdet for den planlagde vegen (heiltrekt blå strek)
- Bustadbygging og andre interesser som vegen kan få noko å seie for (heiltrekt gul strek)
- Kjende miljøverdiar som bygging eller bruk av vegen får noko å seie for; marker på kartet med tilvising til opplysningar på søknadsskjema (heiltrekt grøn strek)

Bygginga av vegen kan ikkje startast før kommunen har gitt løyve til det. Vedtaket til kommunen kan klagast inn etter føresegnene i forvaltingslova.